

# BESST i Fyresdal...

Årgang 1, nummer 1  
29. November 2005

Velkommen til det første nyhetsbrevet for BESST- prosjektet i Fyresdal!

Dette nyhetsbrevet er publisert av administrasjonen for BESST- Fyresdal i samarbeid med BESST- aktørane, for å spre informasjon og nytt om BESST - prosjektet.

## BESST – Seminar i Hylte, Sverige

I byrjinga av november reiste ein del av BESST- gruppa vår til Hylte. Det er fjerde gongen BESST- aktørane frå Sverige, England og Noreg treffast for å utvekslar idear, lære av kvarandre og få inspirasjon.

Meir enn 30 verksemdar innan overnatting, handverk, turistinformasjon og booking, mat og catering, kunsthåndverk etc. delte erfaringane sine med kvarandre.

Vertane våre i Sverige viste fram kva som har skjedd så langt i BESST- regi i Hylte.

Vi besøkte eit informasjonssenter i Femsjø, prøvde oss med GPS for å finne fram til Charlottenlund, køyrde med eit gammalt tog til Torup der

vi fekk presentert idear knytt til eit nystarta togmuseum etc.

Vi fekk også høve til å sjå oss rundt hjå Vicky og Nisse Ekwall's fiskeverksemd "Tiraholm's fisk" samt eit sjarmerande møte med Dara Healy sin Bed & Breakfast. Lokal mat vart servera fleire stader m.a. på Charlottenlund, Sågknorren og i Saluhallen.

Fagprogrammet denne gongen vart praktisk retta mot salg og marknadsføring av. Sentralt sto BESST heimeside, korleis lager ein turistpakke i samarbeid med kvarandre og korleis ein set rett pris på produkt.

Deltakarane frå Fyresdal har gitt positive tilbakemel-



Saluhallen  
Foto: Anne T.

dingar om turen. Diskusjonsrundane var meir praktiske og konkret enn på tidlegare seminar. Dette er i tråd med målsettinga om at prosjektet skal bli matnyttig for kvar enkelt deltakar, ikkje ein teoretisk øvelse.

Framhald på sida 2

## Peak District Fair i England

Salgsmessar vart arrangera i Buxton/ Peak District frå 29. til 30. oktober 2005. I fjor deltok Janne Kvipt og Ingebjørg Aktun på messa. I år reiste Brigitte og Dierk frå Fossum til Buxton og representerte Fyresdal.

Brigitte skreiv dette om turen:

**Onsdag, 23.11.** Kjempeflott tur - behaglig overfart Kristiansand - Newcastle.

**Fredag, 25.11.** Forberedelsen med stand osv. var raskt unnagjort på fredagen. Etterpå ble det tid til en biltur til Chatsworth Castle og Tissington.

*Utstillingslokalet til Peak District Fair Pavilion Gardens ligner den berømte Crystal Palace fra London's verdensutstilling fra ca. 1860. Stor pavillion med drivhus midt i et stort parkanlegg med bekk og vann. Pavillion Garden skal minne om den tiden Buxton var et kongelig*



Pavillion Gardens i Buxton  
Foto: Dierk R.

*Spa-anlegg.*

**Lørdag, 26.11.** Vi hadde stand i sidebygningen. Sammen med BESST-standen og svenske Hyltevenner, Leif og Christian, hadde vi en stor nisje på ca. 16 m². Bra stemning, ingen grensekonflikter med Sverige, ingen konkurranse: Fyresdals farger og plakater strålte over hele salen! Utstillingshallen lå ca 10 min. gange fra bostedet Netherdale Guest House. Lørdag kveld arrangerte våre verter hyggelig kveldsmat sammen med BESST-folk fra Peak District.

Framhald på sida 3

### Tre av dei BESSTe...

som har vore med i BESST- prosjektet frå byrjinga .

#### ... i Fyresdal



Ingebjørg og Jonny  
Aketun Fisk

#### ... i Peak District



Sue Prince  
Kunstnar, overnatting & Økologisk landbruk

#### ... i Hylte



Vicky og Nisse  
Tiraholms Fisk

## BESST – Seminar i Hylte, Sverige

*framhald frå sida 1*

Aktørane fra Fyresdal var godt nøgde med programmet og med tida dei hadde for å snakke om idear med dei andre BESST-aktørane både frå Fyresdal, Hylte og Peak District. Tidlegare møter har vore prega av eit veldig tett program. Dette var endra på denne gongen, noko aktørane sette pris på. Den uformelle kontakten og idemyldringa er ein viktig del av BESST-møta.

Verksemdene frå Fyresdal oppsummera med at å få sjansen til å sjå andre verksemdar i andre land er eit spanande og gjevande tilbod.

### Førebels tidspunkt for dei neste BESST-seminara i 2006.

BESST – Seminaret i Fyresdal 2006 blir mest sannsynleg arrangert 9. – 13. mai 2006. Det har vore svært vanskeleg å finne eit tidspunkt som passar for alle,

samstundes som ein har ønska å trekke møtet så nært sommaren som mogleg.

BESST – Seminar i PD 2006. Peak District foreslår å legge seminaret frå 28.11. – 01.11./02.11. 2006. Dette er ennå ikkje fastlagt, men PD ønskjer denne datoen då det fell saman med Peak District Fair.

Inger skreiv om turen:

### Oppsummering og inntrykk frå Hylte

*Etter å ha vore med i BESST i Fyresdal i om lag to veker, vart eg med til Hylte får å treffe BESST-aktørane der og møte nokon av dei frå Peak District. Eg var spent!*

*Seminaret var lærerikt for meg, eg likte "forelesningane" om kva BESST står for og kva BESST gjer og kan hjelpe oss med.*

*Eg har fått mange inntrykk og det er vanskeleg å sortere og rydde i opplevingar og tankar.*

*Vi reiste rundt og møtte mange spennende aktørar. Særskilt vil eg nemne Gunilla og Søren med den fantastiske bøkeskogen og tid til å vere stille. Og etter ein kort båttur for så å kome til to nye hytter med sjel og triveleg velkomst. Gunnilla var òg medheigar i Saluhallen, med "Lallas hørne" ein butikk som var god for øye.*

*Det er mange utfordringar for små verksemdar. Og vi i Fyresdal kom desse dagane fram til at vi må samarbeide om å få turistane hit. Vi må finne ut kva vi er gode på og hjelpe kvarandre for å gje turistane det beste tilbodet. Dette vil og vere min idé til Hylte og BESST-aktørane der.*

*Inger Nome*

## Bilete – galleri frå BESST – Seminar i Hylte, Sverige



*Fjemsjø*

*Foto: Anne T.*



*Heimeside –seminar på Villmarksgymnasiet i Unnaryd*

*Foto: Anne T.*



*Saluhallen i Unnaryd – eit samarbeid mellom forskjellige butikkeigarar*

*Foto: Anne T.*



*På safari med Mats på Høyden*

*Foto: Anne T.*



*Middag på Charlottenlund hos Lena & Leif Ericson*

*Foto: Anne T.*



*Fredagskveld hos Ebbe Skammelson*

*Foto: Anne T.*

## BESST – hjemmeside

**ww.besst.org.** Heimesida er eit av dei viktigaste tiltaka i prosjektet og har hovudfokus i tida framover.

Sue Prince som mange kjenner frå tidlegare møter, har hovudansvar for utviklinga på vegne av University of Derby. Sue har hatt ansvaret sidan starten av oktober, men har på kort tid gjort mange oppdateringar. Resultatet er at alle verksemdene i prosjektet pr. dags dato er presentert med eige område på heimesidene. BRA!

**Ditt område...** For å legge inn eit nytt bilete eller for å endre teksten på området ditt, brukar du tildela passord, "user name" og bruksanvisning "BESST Website Manual 2005". Dersom du får problem med oppdateringa kan du ta kontakt med Kathrin som gjerne hjelper.

**BESST statement.** Vi ber alle verksemdene om å skrive nokre ord om kvifor og korleis dei er med i BESST- prosjektet. Dette legg kvar enkelt ut på sitt eige heimeområde.

**Publisering.** Heimesida skal vere oppdatert med informasjon i byrjinga av 2006. På dette tidspunktet vert heimesida publisert i alle tre landa. Etter dette tidspunkt er det viktig å bruke heimesida aktivt og oppdatere sitt eige felt med nye tilbod og anna. Sida vil bli godt marknadsført i Sverige og England. Dette er eit bra høve for oss til å gjere potensielle turistar merksame på Fyresdal.

## BESST – møte

Etter ei lang sommarpause hadde vi BESST- møte den 27.10. og 15.11. Her det viktigaste oppsummert:

**Nye BESST- medlemmer.** Vi ønskte velkomne dei nye BESST- medlemmane våre! Inger Nome, som jobbar med keramikk, Anne Lise Greivstad, som tilbyr omvisning/guiding og Joke & Ron Petrych, som driv Fyresdal Vertshus.

**Hybris - informasjon om vidare samarbeid.** Kort samandrag frå "Forprosjekt Fyresdal" der Hybris ser eit potensiale for utvikling av Fyresdal som reisedestinasjon. For å nå dette er det avgjerande

å bygge opp eit sterkt nettverk, også utover BESST. Saka vil bli vidareført på open møte for reiseliv- og handelsstanden 29.11. kl. 19.30.

**Messedeltaking.** Vi skal på to messer i Noreg i år med BESST – prosjektet. Villmarksmessa 2006, Lillestrøm (30.3. - 2.4. 2006) og Hjem + Fritid 2006, Lillestrøm (17. 11. - 20. 11. 2006). Deltakinga krev god planlegging og idear og forslag til BESST- standen er hjarteleg velkomne.

I tillegg skal vi saman med turistinformasjonen delta med brosjyredistribusjon på Reiseliv 2006, Lillestrøm (Januar

2006), Vakantierbeurs i Utrecht, Nederland (Januar 2006) og Ferie for all 2006, Herning, Danmark (Februar 2006)

**BESST - brosjyre.** Det vert laga ei eiga BESST – brosjyre for kvart dei respektive partnerområde. Brosjyra inneheld informasjon om BESST -prosjektet generelt og informasjon om BESST- aktørar, BESST - området, og tilbod spesifikt for kvart område. Brosjyra skal brukast på messer og marknadsførast i alle BESST-partnerområda. Brosjyra trykkast i januar 2006.

## Peak District Fair i England

framhald frå sida 1

Totalt sett var arrangementet perfekt for oss som BESST-deltaker fra Sverige og Norge! Vi er veldig begeistret over innsatsen Tracy, Alison og Ken har vist oss. Tusen hjertelig takk for alt!



Fyresdal – Hylte utstillingsstand  
Foto: Dierk R.

Resultat:

I løpe av lørdag / søndag hadde hele utstillingen ifølge Ken Parker vel 15.000 gjester, og mange av disse var veldig interessert i Norge og Fyresdal om vinteren! Mange hadde vært i Norge før, men nesten alle disse hadde vært i Bergen og reiste med hurtigruten. Telemark er ukjent. Mesteparten av brosjyrene ble brukt opp. Nå må vi vente til sesongen 2006 for å se virkningen.

Vi fikk et inntrykk av at messefolket ikke hadde mye penger for reise eller "unødvendige ting" som kunst og håndverk. Rike mennesker kommer ikke til slike messer da de har andre kanaler.

Likevel var P.D.Fair i Buxton et spektakulært podium for å presentere Fyresdal.

Vi håper at vi kunne bidra med våre produkter og skape oppmerksomhet



Fyresdal – Hylte utstillingsstand  
Foto: Dierk R.

om Norge. For vår del hadde vi stor etterspørsel og bra omsetning. Mange fotograferte vår stand med Fyresdalsplakaten i sentrum!

Med vennlig hilsen  
Brigitte og Dierk

# BESST – hulter til bulter side

## Være ein BESST-ambassadør! TOPP 10 BESST ting å vite:

1. **Kva står bokstavane i "BESST" for?**  
*Business and the Environment linked through Small-Scale Tourism*
2. **Kva er BESST? Kva prøver vi å gjøre?**  
*BESST er eit internasjonalt demonstrasjonsprosjekt som skal skape nye moglingar for verksemder innan turisme og lokal foredling med utgangspunkt i spesielle lokale kvaliteter og naturmiljø.*
3. **Kven er dei fire BESST-partnerane?**
  1. Fyresdal Kommune,
  2. Hylte Kommune i Sverige,
  3. Peak District National Park Authority i Storbritannia, 4. University of Derby i Storbritannia.
4. **Kva heiter EU-prosjektet, som er med å finansiere BESST?**  
*Interreg III B programmet - Nordsjøregionen*
5. **Kva heiter BESST-heimesida?**  
*www.besst.org*
6. **BESST-prosjektet starta i 2003, kor lenge varer det?**  
*Til mars 2008*
7. **BESST-logoen er ein spiral med grønne blad kjent som "Den gode spiral". Kva betyr den?**  
*Det er det motsette av ein vond sirkel. Det som er bra for verksemdenes økonomiske utvikling er også bra for naturmiljøet. Det gror og blir større og betre.*
8. **Kva er den viktigaste resursen BESST-prosjektet oppfordrar verksemdene til å utvikle?**  
*Lokale naturkvaliteter (landskapet, utprega dyreliv, kulturarv etc.)*
9. **Kva er frasene som blir brukt i omtala av kvart område?**  
*Fyresdal – Vakrast i Telemark ;  
Hylte – Sverige si særlegaste villmark ;  
Peak District – den fyrste nasjonalparken i England .*
10. **BESST development fund prosjekt i Fyresdall**
  1. "Fiskeguide for Fyresdal"
  2. "Vandreguide for Fyresdal"

## BESST– Bevis

BESST-gruppa i Hylte brukar eit "bevis" for å vise at verksemda er medlem i prosjektet. Er dette også noko for oss i Fyresdal? Sjå på døme frå Hylte under:

**BESST** | Business and the Environment linked through Small Scale Tourism

Peak District National Park Authority and the University of Derby, Fyresdal Kommune, Hylte Kommune

**Bäckhästen Trädgårdscafé och turridding**

**Hyltebygdens företag**  
i samverkan med kolleger i England, Norge og Derby Universitet

- Vi utveklar lærande turism
- Vi tar miljøhønsyn
- Vi tar vara på det unika

**BESST-företagare i Hylte**

- Bäckhästen, Trädgårdscafé och turridding, 0371-630 49
- Charlottenlund, Konferens & Rekreation, 0371-660 57
- de Damnan, Bed & Breakfast, 0371-606 60
- Fensjö vandrarhem, 0345-120 95; 0345-120 97
- Liljander Natur & Frid, 0371-860 90
- Mats på Høiden, Lugna äventyr, 0733-718 371
- Pensionat Sagknoen, 0345-120 90
- Tiraholms Fisk, Restaurang och försäljning, 0371-640 19
- Turiststräff Jälluntofta, Information och souvenirer, 0371-720 75
- Vallnäs Camping, 0371-602 33

[www.besst.org](http://www.besst.org)

BESST is an international collaboration project organised as part of the ERD Interreg Programme for the North Sea Region. The partners are Peak District National Park Authority and the University of Derby (England), Fyresdal Kommune (Norway) and Hylte Kommune (Sweden).

**BESST** | Business and the Environment linked through Small Scale Tourism

## Har du hørt at..?

... Aketun Fisk sel lynghonningen til Mark frå "Daisybank Apiaries" i Peak District".

... Faun Naturforvaltning har flytta til næringsbygget ved brygga i Fyresdal Sentrum.

... heimesida til Telemark Kildevann er opna: [www.tkv.no](http://www.tkv.no).

Dersom de har noko de vil ha med i BESST-nyhetsbrevet, skriv til e-post: [kathrin.hinz@fyresdal.kommune.no](mailto:kathrin.hinz@fyresdal.kommune.no)